

**Fra:** Arne Rognebakke <arne.rognebakke@gmail.com>  
**Sendt:** 18. desember 2014 15:47  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Farleg avfall ved Kvassnesstemma

Det ligg no 2 rusta og bulka gamle oljefat ved stien i nærleiken av Reklamehuset. Nokre "sterke" personar har truleg rulla dei utfor skråninga ved parkeringsplassen nedanom Biltilsynet. Ein kan frykta at fata inneheld stoff som kan forureina vatnet i Kvassnesstemma. Fata skulle sjølvsagt ha vorte leverte til NGIR som spesialavfall.

Det ligg også mykje anna skrot i området, t.d. gamle bildekk, som og truleg kjem frå parkeringsplassen. Gamle bilar som vert ståande lenge, innbyd ofte til at skrot samlast, og når det vert for mykje skrot for rotekoppane, er det berre å kasta det ned mellom buskane og trea i skråninga. Ute av syne - ute av sinn, nett som for ongar.

Naturopplevinga som fylgjer med ein tur rundt Kvassnesstemma vert kraftig redusert ved synet av alt skrotet.

Mvh  
Arne Rognebakke  
Strandvegen 31  
5914 ISDALSTØ